

*Stortings-  
melding  
nr. 31*

# Skriftspråknormering

☞ Å setje opp ei norm for skriftspråket vil seie å lage reglar for korleis vi skal stave og bøye ord. Ordet *norm* tyder rettesnor, og *språknormering* blir altså eit omgrep for arbeidet med å utvikle og endre skriftspråket.

☞ I Noreg er det Språkrådet som er normerande organ for både bokmål og nynorsk. I Frankrike har Det franske akademiet ansvaret for å redigere den offisielle ordboka over det franske språket. Ei tilsvarende offisiell normering av engelsk finst ikkje. Her er det i staden *Oxford English Dictionary* (britisk engelsk) og *Webster's Dictionary* (amerikansk engelsk) som blir rekna for rettesnorer.

☞ I engelsk og ein del andre språk er det stor skilnad mellom talemål og skriftspråk. Det kjem av at desse skriftspråka



*I Noreg er det vanleg at folk snakkar dialekt, vi treng ikkje leggje om til eit normert talemål for å forstå kvarandre. Men når dei unge byrjar å uttale ord annleis enn tidlegare, reagerer dei vaksne: «Det heter ikke sjærste, men kjæreste», sier lærar Anne Lise Kaarbø i klasse 9B på Kjelsås skole i Oslo. Tonje er ei av dei få i klassen som bruker kj-lyden.*  
Foto: Rune Petter Ness / NTB / Scanpix

sjeldan eller aldri har vorte normerte. Det norske skriftspråket har derimot gjennomgått mange normeringar på vel hundre år. Dagens bokmål og nynorsk ligg derfor nokså langt unna dansk-norsken og landsmålet som folk skreiv for hundre år sidan.

## Normgrunnlag og normeringsprinsipp

☞ Når vi skal skape eit skriftspråk, må vi bestemme oss for kva som skal vere *normgrunnlaget*. Det vil seie at vi må velje om skriftspråket skal byggje på ein konkret dialekt, på fleire dialektar eller på eit standardisert talemål.

☞ Da dei på 1800-talet diskuterte korleis dei kunne skape eit norsk skriftspråk, var nettopp valet av normgrunnlag eit viktig spørsmål. Ivar Aasen (1813–1896) ville lage eit skriftspråk basert på talemålet i bygdedialektane, mens Knud Knudsen (1812–1895) ville tilpasse det danske skriftspråket til den såkalla danna dagleg-talen, eit standardisert talemål som vart snakka av ei viss gruppe i samfunnet.



*Dei som bur på tettstaden Stiklestad, uttaler i dag namnet om lag som «Steksta». Skrivemåten tek derimot omsyn til etymologiprinsippet og speglar det historiske opphavet til namnet.*

## Ortofoni

Når vi gjer om lyd til skrift, må vi avgjere kva slags system vi skal gå etter. I Noreg har vi sterk tradisjon for det *ortofone* prinsippet, det vil seie at kvar lyd i talen skal svare til eitt og same teikn i skrifta.

☞ Men slik har det ikkje alltid vore. Så lenge skriftspråket i Noreg var dansk, sleit dei fleste med stumme bokstavar, dansk bøyingsmønster og særdanske ord når dei skulle skrive. Særleg Knud Knudsen, som var pedagog, var svært oppteken av at skriftspråket måtte spegle norsk uttale slik at det vart lettare å lære.

## Etymologi

Det finst fleire prinsipp enn ortofoni som vi kan ta omsyn til. Eitt av dei er *etymologiprinsippet*, det vil seie at ordforma speglar korleis ordet vart uttalt ein gong i fortida. For eksempel har somme stadnamn i dag ein historisk skrivemåte som skil seg frå den uttalen som har utvikla seg.

## Andre prinsipp

Også *nasjonalisme* kan styre normeringa. Dei fleste som var med i språkdebatten i 1830-åra, ønskte seg eit skriftspråk som var genuint norsk, jamvel om dei kunne vere usamde om korleis dette norske språket skulle skapast.

☞ *Purisme*, det å finne eller lage heimlege avløysarord i staden for å ta inn framandord i språket, kan også plasserast i denne kategorien. Nokre døme på ferske avløysarord i norsk er *vevsansvarleg*, *verdsveeven*, *nettstad* og *nettside*.

☞ Elles kan vi for eksempel ta omsyn til kva former *fleirtalet* bruker, vi kan velje dei formene som har høgast *sosial prestisje*, vi kan gå inn for *forenkling* for å skape eit *logisk system*, eller vi kan fremje *valfridom*. Ofte kan fleire prinsipp vere like aktuelle, slik at vi må prioritere eitt av dei.

# Tilnærming mellom riksmål og landsmål

☛ Språkpolitikken i første halvdel av 1900-talet hadde som overordna mål å få landsmålet og riksmålet til å nærme seg kvarandre. Håpet var at dei to målformene på sikt kunne smelte saman til eit felles norsk skriftspråk, eit *samnorsk*.

☛ Men dei skjønnte òg at denne prosessen ville ta tid. Ein av grunnane var at språkdebatten vekte så sterke kjensler. Både dei som gjekk inn for ei tilnærming mellom målformene, og dei som var imot, oppfatta nemleg skriftspråket sitt som ein viktig del av identiteten.



*Forfattere Arne Garborg (1851–1924) brukte nemninga samnorsk så tidleg som i 1877.*

## Mange frontar

Landsmålsfolket hadde tradisjonelt si politiske forankring i Venstre og Bondepartiet, mens riksmålstilhengarane stort sett var å finne i partiet Høgre. I tillegg var det innbyrdes usemje både i landsmåls- og riksmålsleiren om kva retning utviklinga skulle ta.

☛ Med 1917-reforma hadde ein del folkelege austlandske former vorte valfrie både i riksmål og i landsmål. Men i riksmålsleiren var det mange som ikkje ville ha meir fornorsking no. Dei hadde fått ei skrivenorm som var såpass oppnorska at ho kunne spegle den såkalla danna daglegtalet. Folkelege former som *sola*, *kasta*, *stein* og *fram* såg dei på som vulgære. Sjølve skreiv dei *solen*, *kastet*, *sten* og *frem*.

☛ Heller ikkje alle i landsmålsleiren ønskte å gi større rom for dei austlandske

dialektane, mange ville halde fast ved dei tradisjonelle formene.

## Arbeidarpartiet

Mange av dei tradisjonelle veljarane til Arbeidarpartiet kjende seg ikkje heime verken i riksmål eller landsmål. Men Arbeidarpartiet prøvde lenge å unngå å ta stilling i språkstriden. Først i 1920-åra kom språkspørsmålet på saklista også her.

☞ Ein viktig pådrivar i den interne debatten var professor Halvdan Koht. Han meinte at ein måtte arbeide for eit framtidig felles skriftspråk. Dette skriftspråket laut byggje på folkemålet i heile



*Halvdan Koht (1873–1965) var ein sentral aktør i norsk språkpolitikk. Han var nestformann i Østlandsk reisning, ein organisasjon som arbeidde for at talemålet på Austlandet skulle få breiare plass i skriftmåla. Dessutan var han formann i Noregs Mållag i perioden 1921–1925 og medlem i nemnda som laga framlegget til 1938-reforma.*

*Foto Sverre A. Børretzen / Aktuell / Scanpix*

landet. Koht fekk gjennomslag for synet sitt, og i 1936 gjekk eit fleirtal på Ap-landsrådet inn for at skriftnormene skulle gi «bredere plass til folkemålet».



*Oslo ca. 1935: Skulestart på ein skule i Oslo. Første skuledag. Barn blir følgde til skulen av mødrene, som er stilig kledde med kåper og hattar. Foto: NTB / Scanpix*

## Ny reform

I 1934 vedtok stortingsfleirtalet å setje ned ei nemnd med todelt mandat. Nemnda skulle for det første kome med framlegg

om endringar i rettskriving, ordformer og bøyingsformer som kunne føre dei to målformene nærare saman. For det andre skulle nemnda prøve å redusere talet på dobbelformer i begge skriftspråka.

☛ Medlemmene i nemnda meinte at språket slik det vart snakka dei fleste stadene i Noreg, skulle vere utgangspunktet for normeringa. Framlegget dei la fram, vekte sterke reaksjonar både i bokmåls- og riksmålsleiren, men det vart vedteke med nokre endringar i 1937. Den nye rettskrivinga tok til å gjelde frå hausten 1938.

## Utviklinga i bokmål

☛ I første halvdel av 1900-talet skjedde det omfattande endringar i begge skriftnormalane. Vi skal her sjå på nokre sentrale punkt, og vi byrjar med bokmål.

### 1907

1907-reforma gjorde at riksmålet ikkje lenger var dansk, men spegla den såkalla *danna daglegtalen*. Det trongst ikkje særleg omfattande endringar i skriftnormalen for å få til denne tilpassinga, for den danna daglegtalen var i utgangspunktet kraftig påverka av dansk. Dessutan var det dei øvre samfunnslaga som brukte dette standardtalemålet, og dei var sjølvstøtte nøgde med å få eit skriftspråk som fungerte godt for dei sjølve.

### 1917

Med 1917-reforma vart det opna for fleire folkelege former i skriftnormalen. Mens

ein før berre kunne skrive *solen* og *boken*, vart det no valfritt å bruke *a*-ending i hokjønnsord: *sola*, *boka*. Det vart òg lovleg å skrive *kasta* og *sparka* i staden for *kastet* og *sparket*. Og mens ein før måtte skrive *sten*, *røk* og *løs*, kunne ein no velje former med diftong i somme ord: *stein*, *røik*, *laus*. Gamle og nye former vart jamstilte, men dei fleste heldt likevel fram med å skrive *solen*, *kastet* og *sten*.

### 1938

1938-reforma var mykje meir radikal. Den danna daglegtalet vart ikkje lenger rekna som rettesnor for normering av bokmålet. I staden tok dei utgangspunkt i talemålet til fleirtalet av folket.

☞ Frå 1938 fekk om lag 900 hokjønnsord obligatorisk *a*-ending i bokmål, særleg ord frå plante- og dyrelivet og frå arbeidslivet: *bjørka*, *høna*, *nåla*, *øksa* osv. Former som *bjerken*, *hønen*, *nålen* og *øksen* forsvann

ut av skriftnormalen. Også diftong vart påboden i ei rad ord, for eksempel i *stein*, *røyk*, *eik*, *geit*, *øy*. Dermed kunne ein ikkje lenger skrive *sten*, *røk*, *ek*, *gjet*, *ø*.





## Utviklinga i nynorsk



*Ver gild ikkje røyk her.*

*Foto: Bjørn E. Larsen / VG / Scanpix*

☞ I motsetning til riksmålet bygde landsmålet frå starten av på norsk talemål i delar av landet. Men for dei som budde på det sentrale Austlandet og snakka ulike by- og bygdedialektar, var heller ikkje landsmålet eit skriftspråk dei kjende seg heime i.

### 1910

I 1910 kom det ei mindre landsmålsreform – eit lite første steg i retning av ei skriftspråkleg samling.

### 1917

Fram til 1917 var bøyingsformer som *sol*i og *husi* eineformer. No vart det òg mogleg å skrive *sola* og *husa*. Og der det før måtte heite *ei visa* – *fleire visor* – *alle visone*, kunne ein no også velje *ei vise* – *fleire viser* – *alle visene*. Infinitivsformer på *-e* vart jamstilte med dei tradisjonelle formene på *-a*: *å leve* eller *å leva*. Dessutan vart presensformer som *biter* og *ligger* tillatne ved sida av *bit* og *ligg*. Til og med forma *je* kom med i 1917-normalen, i tillegg til *eg*. Gjennom desse endringane vart landsmålet eit aktuelt alternativ også for dei som snakka austlandsdialektar.

### 1938

Endringane som kom i 1938, gjekk stort sett i same lei som bokmålsreforma: Mange av dei eldre, konservative formene måtte vike for former som samsvara med talemålet til fleirtalet.

☞ No vart *-a* innført som hovudform i bunden form eintal av hokjønnsord: *sola*, *døra*, og i bunden form fleirtal av inkjekjønnsord: *husa*, *fjella*. *I*-formene (*soli*, *fjelli*) vart no sideformer, det vil seie at dei ikkje kunne nyttast i lærebøker og i administrasjonen. Også fleirtalsendinga *-or* i ord som *gator* og *visor* vart klammeform frå 1938. Pronomenforma *je* fall derimot ut att, mens infinitiv på *-e* vart sideform.

☞ Mange nynorskfolk var i førstninga sterkt misnøgde med den nye rettskrivinga fordi dei tradisjonelle bøyingsformene no var fjerna. Men motstanden la seg etter kvart.

### Talet på dobbelformer

Nemnda lykkast ikkje i å få ned talet på dobbelformer, snarare tvert imot. Men det var i grunnen uråd å fjerne dobbelformene om ein framleis ville ha ei gradvis og smidig tilnærming mellom målformene, og i tillegg gi rom for austlandske former.

☞ Etter 1938-reforma fanst det framleis mange jamstilte former, for eksempel *melk* og *mjølk* (i bokmål). I tillegg kom det enda ein type dobbelformer, der den eine forma var *hovudform* og skulle brukast i lærebøker og i statstenesta, mens den andre var *sideform* (klammeform) og kunne brukast av elevar og privatpersonar: *hva* [ka] i bokmål, *gjekk* [gikk] i nynorsk.



Oslo ca. 1935: Moderne skrivemaskin fotografert i NTB.  
Foto: NTB / Scanpix

## Perioden 1938–1945

☛ 1938-reforma møtte sterk motstand frå den konservative delen av bokmålsleiren, som utgjorde ei ressurssterk samfunnsgruppe. Ein av talsmennene deira var forfattaren Arnulf Øverland. Han meinte det var heilt uakseptabelt at former med lange tradisjonar i norsk litteratur no skulle bort frå skriftspråket. Reforma ville på sikt føre til at begge skriftspråka våre ville bli raserte og avskaffa, hevda Øverland.


☛ Men andre i bokmålsleiren var samde om at tida no var inne for verkeleg å ta i bruk tilnæringsformene. Mellom anna gjorde Oslo skolestyre i 1939 eit vedtak om at lærebøkene skulle bruke dei bokmålsformene som var felles med nynorsk.

☛ Da krigen kom, vart innarbeidinga av den nye skriftnorma forstyrra. I tillegg

kom det ei ny rettskrivingsnorm under Quisling i 1941, men ho vart for det meste sabotert i skulane.



## Bokbål og samnorskdyret



*Latterleggjering var eitt av verkemidla til riksmålsrørsla i kampen mot den nye bokmålsnormalen. Karikaturteikninga med «samnorskdyret» utan hovud skulle vise kva slags resultat ein fekk om ein prøvde å manipulere den «naturlege» språkutviklinga.*

☛ Etter krigen kom Riksmålsforbundet raskt på banen igjen, med diktaren Arnulf Øverland som leiar. Riksmålsforbundet var godt organisert og hadde sterke støttespelarar, mellom anna dei store konservative avisene Morgenbladet og Aftenposten.

☛ Det var først og fremst dei folkelege formene i bokmålet Øverland og tilhengjarane hans ville til livs. Dei argumenterte mellom anna med at språket måtte få utvikle seg fritt og utan statleg innblanding, og at ein måtte ta vare på ein lang skrifttradisjon.

☛ Men opprøret kom nok like mykje av at ei privilegert samfunnsgruppe no risikerte å miste den skriftspråknormalen dei identifiserte seg med. Mange syntest det var hårreisande at språket til arbeidarar og bønder skulle fortrenge det språket dei gjennom heile livet hadde lært var pent og danna.

## Kampen om lærebokspråket

Kampen gjaldt i første omgang språket i lærebøkene. I Oslo starta dei foreldreaksjonar med organisert retting av språket i lærebøkene, det vart sett i gang under-skriftslistar, opprop og demonstrasjonar. I 1954 gav Oslo skolestyre etter for presset, og dei moderate bokmålsformene kom på nytt inn i lærebøkene. Alt i 1952 gav Riksmålsforbundet i tillegg ut si eiga ordliste, og Morgenbladet og Aftenposten gjekk raskt over til å bruke henne. Språknorma i denne lista vart kalla riksmål, til skilnad frå bokmålet.

☞ Øverland og dei andre riksmåls-tilhengarane brukte omgrepet samnorsk om den radikale bokmålsvarianten. Eit omgrep som før hadde gitt uttrykk for eit optimistisk framtidshåp, vart no eit nedsetjande uttrykk. Kampen var intens, og dei fleste midla vart tekne i bruk, ikkje minst konsekvent latterleggjing. Det

fanst tilfelle der riksmålsilhengarar laga bokbål av bøker med radikal språkdrakt, og mange riksmålsfolk var også svært aktive i kampen for å få røysta ut nynorskens når skulekrinsane skulle avgjere opplæringsmålet.

☞ Harseleringa var så kraftig og gjekk så langt at Arbeidarpartiet, som i heile mellomkrigstida hadde vore positiv til samnorsktanken, fann det klokast å tone ned språkspørsmålet. Dermed fekk riksmålsleiren dominere arenaen nesten åleine.



*Foreldreaksjonen mot samnorsk framfor Stortinget i Oslo i 1951. Foto: NTB / Scanpix*

## Nynorsken etter andre verdenskrigen

☛ Fram til 1940 auka talet på nynorskbrukarar jamt, og mot slutten av andre verdenskrigen hadde kvar tredje elev i Noreg nynorsk som hovudmål. NRK hadde gjort nynorsk til ein del av kvardagen for radiolyttarane, mykje av reklamen i avisene var på nynorsk, og «Smørbukk» var ein typisk nynorsk teikneserie.

☛ Etter andre verdenskrigen gjekk talet på nynorskbrukarar nedover. Det tok mellom anna mykje lengre tid for Noregs Mållag enn for Riksmålsforbundet å kome i gang att med arbeidet etter krigen. Krigen førte òg til at nynorskfolket miste eit viktig argument, det nasjonale. Det nytta ikkje lenger å argumentere med at nynorsken var meir norsk enn bokmål. Nasjonal innstilling hadde synt seg gjennom å leggje

for dagen den rette haldninga overfor tyskarar og NS, slik mellom anna riksmålsforkjemparen Øverland hadde gjort.



*Formann i Norsk Lytterforening Alf Nielsen tel opp røystesetlar mot for mykje nynorsk i NRK i 1978.  
Foto: Oddvar Walle Jensen / NTB / Scanpix*

## Språknormering etter 1950

☞ I 1951 vedtok Stortinget å skipe ei ny nemnd som skulle utarbeide ein ny læreboknormal. Lærebøkene skulle få ei moderat språkform som verken var heilt konservativ eller heilt radikal. *Norsk språknemnd* byrja arbeidet sitt i 1952, og i 1959 var den nye læreboknormalen klar.

☞ Etter 1959 har skulebøkene på bokmål stort sett halde seg til dei tradisjonelle, moderate formene, og språkstriden har stilna av. I andre halvdel av 1900-talet har ikkje tilnærming mellom målformene vore noko uttalt mål for språkpolitikken.

☞ Språknormering er likevel framleis ei statleg oppgåve i Noreg. I 1972 vart *Norsk språkråd* skipa som eit rådgivande organ. Rådet endra namn til *Språkrådet* i 2005.



*Sylfest Lomheim, direktør i Språkrådet frå 2003 til 2010.*

*Foto: Frode Hansen / VG / Scanpix*



Om Noreg og  
Norge

## 1981

I 1981 kom det ei rettskrivingsreform i bokmål der ein tok inn att fleire tradisjonelle riksmålsformer. No kan vi for eksempel på nytt skrive *furuen*, *kuen*, *jenten*.

## 2005

I 2005 vart sideformene avskaffa i bokmål. No er alle former jamstilte og kan brukast også i lærebøker og i statstenesta.

## 2012

Språkrådet arbeider med ein ny rettskrivingsnormal for nynorsk som skal takast i bruk i 2012. Norma skal vere «tydeleg, enkel og stram og utan sideformer», slik at det blir lettare for alle å skrive korrekt på nynorsk.

Kjelder:

**Fiskerstrand, Pernille**

*Den internaliserte nynorsknormalen:  
om oppfatta nynorsk hos eit utval nynorskelevar*

Masteroppgåve, Universitetet i Agder 2008



*Les i fulltekst*



